OSTERØY KOMMUNE
Politisk-adm.sekretariat

Alexander Thunestvedt
Mjeldavegen 5
5286 Haus

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Dagrun Revheim | 27.06.2023 |
| Vår: 23/563 - 23/15009 | dagrun.revheim@osteroy.kommune.no | |

# Melding om endring på Arbeidarpartiet si valliste grunna dødsfall

Ein viser til dykkar melding om at kandidat nr. 10 på Arbeidarpartiet si valliste var gått bort etter at lista var godkjend av Valstyret.

Det var ønskjeleg både frå partiet si side,  og dei pårørande,  at namnet vart stroke frå lista.

I følgje Valhandboka pkt. 7.10.**3 «** *Kandidat avgår ved døden etter at listeforslaget er godkjent»,*  står det mellom anna at dersom det er ønskjeleg at namnet vert fjerna, og dei offisielle røystesetlane enno ikkje er trykte, bør namnet til vedkomande fjernast før trykking finn stad.

Då røystesetlane framleis låg til korrektur hjå trykkeriet var det mogeleg å fjerna kandidaten frå lista før trykking vart godkjend frå oss.

*Kandidatane under rykkjer då automatisk ein plass opp på lista*.

Dette er gjort administrativt, då det ikkje er krav om særskilt behandling i Valstyret.  Valstyret er likevel orientert om saka i møte 21.06.23.

Heimesida til Osterøy kommune er oppdatert med ny liste, og kopi av lista ligg ved.

Dette til dykkar orientering.

Med helsing

Dagrun Revheim
Konsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

**Vedlegg:**
ListeArbeidarpartiet

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Dagrun Stokke | Hanstveitmyra 49 | 5283 | Fotlandsvåg |

**Mottakar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Alexander Thunestvedt | Mjeldavegen 5 | 5286 | Haus |
| Håkon Trovåg Hevrøy | Eide 23 | 5281 | Valestrandsfossen |